

# Reformasjonsmarkeringa i Noreg

## NÅDE

«Nåde» er kjerneordet i reformasjonen. Den norske kyrkja har vald dette ordet som gjennomgangstema for reformasjonsmarkeringa i 2017. Inspirert av Det lutherske verdensforbundet (LVF) vil vi synleggjere nåden på tre område: Kva nåde inneber i forholdet Gud har til oss, i forholdet vi har til kvarandre og i forholdet vi har til skaparverket.



## FRELSA ER IKKJE TIL SALS



– Guds frelse er gratis

Reformasjonen har gitt oss Bibelen, gudsteneste, salmesong og trusopplæring på morsmålet. Slik kan alle ha direkte tilgang til Guds absolutte nåde.

*Nåde:* Gud er ein nådig gud

## MENNESKE ER IKKJE TIL SALS



– kvart menneske er skapt i Guds bilete

Menneskeverd og menneskerettar står på spel i verda i dag. Difor er dette eit sentralt arbeidsfelt for kyrkjer på alle kontinent.

*Nåde:* Slik Gud viser nåde mot oss, skal vi vise nåde mot kvarandre

## SKAPARVERKET ER IKKJE TIL SALS



– miljøet må vernast

Gud har gitt menneska i oppdrag å forvalte jorda til beste for alle, etter boda hans. Det gjer klimarettferd til eit viktig innsatsområde for kyrkja.

*Nåde:* Jorda ropar etter nåden vår

## Kvifor markere reformasjonsjubileet i Noreg?

I 2017 er det 500 år sidan Martin Luther formulerte dei 95 tesane sine mot avlatshandelen. Det blei starten på reformasjonen – som førte til omfattande endringar i kyrkja og samfunnslivet. 2017 vil bli markert av lutherske kyrkjer over heile verda, men også av andre kyrkjesamfunn. Jubileet gir høve til fornya merksemd om det sentrale i kristen tru, og om kva lutherdommen/protestantismen har hatt – og framleis har – å seie i det norske samfunnet.

Refleksjon omkring reformasjonen og kjernen i lutherdommen kan bringe viktige perspektiv inn i arbeidet med fornying av Den norske kyrkja og oppdraget ho har.

# Korleis markere reformasjonen i Den norske kyrkja?

- Reformasjonen har i 500 år hatt enormt mykje å seie for kyrkja, kulturlivet og samfunnslivet elles. Det bør speglast i markeringar som famnar vidt i kreativitet og et mangfald av kulturtrykk, og som stimulerer til både akademisk og folkeleg refleksjon og nytinking.
- Vi ønsker oss feiring, markeringar og aktivitetar i lokale kyrkjelyder og lokalsamfunn over heile landet. Sentralt initierte tiltak skal vere nasjonale og konsentrerte om nokre få viktige hendingar.
- Vi oppmodar til å etablere lokale eller regionale reformasjonsutval i kyrkjelydar og bispedømme. Desse bør samarbeide med andre kyrkjesamfunn og med relevante partnerar i lokalsamfunnet, som utdanningsinstitusjonar, kulturliv, organisasjonar, bibliotek, kommunar og medium.

## Organisering

- Den norske kyrkja har sett ned ein hovudkomité for reformasjonsmarkeringa. Komiteen blir leia av preses og gir overordna føringar for markeringa i Den norske kyrkja. Kyrkjerådet har ansvaret for nasjonale tiltak, og for å koordinere regionale og lokale tiltak i den grad det er formålstenleg. Den norske kyrkja samarbeider nært med Noregs Kristne Råd, Det lutherske verdsforbundet og det internasjonale økumeniske fellesskapet.

## Ressursar

- Kyrkjerådet og Noregs kristne råd vil legge ut ressursar til reformasjonsmarkeringa på nettsida [www.reformasjon2017.no](http://www.reformasjon2017.no)
- Nettsida vil ha oversyn over arrangement i samband med reformasjonsmarkeringa over heile landet, både i regi av Den norske kyrkja, økumeniske samarbeidstiltak og markeringar i dei ulike kyrkjesamfunna i Noreg.
- Det lutherske verdsforbundet har ei eige nettside om reformasjonsmarkeringa: <http://2017.lutheranworld.org/>

Kontaktperson i Kyrkjerådet:

Vidar Kristensen,

e-post: [vidar.kristensen@kyrkja.no](mailto:vidar.kristensen@kyrkja.no)

Tlf. 23 08 12 07 / 95 77 75 25



**DEN NORSKE KYRKJA**

Kyrkjerådet

Foto:

Nåde - Massimo Sestini- Where Are You?- prosjektet <http://www.massimosestini.it/wru.html>

Frølse - shutterstock.com - A. and I. Kruk. Menneske - UDI, Nora Lie. Skaperverket - stock.adobe.com - Briksdalsbreen